



VEDTEKTER FOR BARNEHAGANE I FUSA KOMMUNE

GJELDANDE FRÅ 01.01.2018

Visjonen for oppvekst i Fusa kommune er:

Midt i blinken

Rom for alle – blick for den enkelte.

Fusa kommune sine verdier er:

Respekt, omsorg, mot, samarbeid, løysingsorientert, engasjert og godt humør.

Fusa kommune sine verdier ligg i botn for alt arbeidet i barnehagen i forholdet til barn, foreldre og i personalsamarbeidet.

1. Eigartilhøve:

Fusa kommune eig og er ansvarleg for drift og forvaltning av seks kommunale barnehagar. Drifta skal vera i samsvar med «Lov om barnehager» med forskrifter, rammeplan for barnehagen, og kommunale planar og vedtak. Barnehageeigar fastset barnehagens vedtekter som skal gje informasjon og opplysningar som er av betydning for føresette sitt forhold til barnehagen, ref. barnehagelova §7. Vedtektene vert fastsett av kommunestyret.

Godkjenning og tilsyn:

Etter lov om barnehager har kommunen godkjennings- og tilsynsmynde for alle barnehagar i kommunen. Kommunen skal sjå til at barnehagen oppfyller krav i gjeldande lover og forskrifter, t.d. « forskrift om miljøretta helsevern i skoler og barnehagar» kommunen fører både varsla tilsyn og tilsyn som ikkje er varsla.

Barnehagane er administrativt knytt til einingsleiar for barnehage.

2. Godkjenning

Fusa kommune si rettleiande norm for netto leike- og opphaldsareal: 4 kvm. pr. barn over 3 år og 5,33 kvm pr. barn under 3 år.

Fusa kommune retter seg etter forskrift om pedagogisk bemanning, og dette betyr i Fusa at på 18 plassar er det 100 % pedagog og 200 % fagarbeidar/assistent.

Trollskogen barnehage:

Netto leike- og opphaldsareal: 190 kvm. Opningstid: Kl. 07.00 - 16.30.

Holdhus barnehage:

Netto leike- og opphaldsareal: 133 kvm. Opningstid: Kl. 07.00 - 16.30.

Holmefjord barnehage:

Netto leike- og opphaldsareal: 288 kvm. Opningstid: Kl. 07.00 - 16.30.

Jettegryto barnehage:

Netto leike- og opphaldsareal: 233 kvm. Opningstid: Kl. 07.00 - 16.30.

Strandvik barnehage:

Netto leike- og opphaldsareal: 231 kvm. Opningstid: Kl. 07.00 - 16.30.

Søre Fusa barnehage:

Netto leike- og opphaldsareal: 120 kvm. Opningstid: Kl. 07.00 - 16.30.

Opningstidene over er rettleiande.

3. Føremål**Lov om barnehager:**

§1 *«Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggende verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet, nestekjærlighet, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdier som kommer til uttrykk i ulike religioner og livssyn og som er forankret i menneskerettighetene».*

4 . Innhold

Barnehagane byggjer sitt arbeid på «Lov om barnehager» Dei kommunale barnehagane i Fusa vert driven etter Lov om barnehager §2:

«§2 Barnehagens innhald. Barnehagen skal være ein pedagogisk virksomhet. Barnehagen skal gje barn mulighet for lek, livsutfoldelse og meningsfylte opplevingar og aktivitetar»

Barnehagen skal ta hensyn til barnas alder, funksjonsnivå, kjønn, sosiale, etniske og kulturelle bakgrunn, herunder samisk språk og kultur.

Barnehagen skal formidle verdier og kultur, gi rom for barns egen kulturskaping og bidra til at alle barn får oppleve glede og mestring i et sosialt og kulturelt fellesskap».

5. Årsplan

Alle barnehagar skal ha ein årsplan. Årsplanen skal innehalde informasjon om korleis barnehagen vil arbeide med omsorg, danning, lek og læring for å sikre barn gode utviklings- og aktivitetsmogelegheiter i nær forståing og samarbeid med heimen. Den einskilde barnehage avgjer om det i tillegg skal utformast planar for kortare eller lengre periodar.

Samarbeidsutvalet skal fastsetje årsplanen med utgangspunkt i rammeplanen men det er personalet si oppgåve å sikre at planen held faglege mål.

6. Barn sin rett til medverknad

Lov om barnehager §3: *"Barns rett til medvirkning*

Barn i barnehagen har rett til å gi uttrykk for sitt syn på barnehagens daglige virksomhet. Barn skal jevnleg få mulighet til aktiv deltakelse i planlegging og vurdering av barnehagens virksomhet.

Barnets synspunkter skal tillegges vekt i samsvar med dets alder og modenhet."

Rammeplanen gjer rettleiing om korleis barn sin rett til å uttrykkje seg skal ivaretaast og årsplanen må konkretisera korleis barnehagen sikrar barna sin medverknad.

7. Samarbeid med heimen

Lov om barnehager §4: *"Foreldreråd og samarbeidsutvalg*

For å sikre samarbeidet med barnas heim, skal hver barnehage ha et foreldreråd og et samarbeidsutvalg.

Foreldrerådet består av foreldrene/de foresatte til alle barna og skal fremme deres fellesinteresser og bidra til at samarbeidet mellom barnehagen og foreldregruppen skaper et godt barnehagemiljø. Er det i forskrift etter § 15 satt maksimalgrense for foreldrebetaling, kan bare foreldrerådet samtykke i foreldrebetaling ut over dette.

Samarbeidsutvalget skal være et rådgivende, kontaktskapende og samordnende organ. Samarbeidsutvalget består av foreldre/foresatte og ansatte i barnehagen, slik at hver gruppe er likt representert. Barnehagens eier kan delta etter eget ønske, men ikke med flere representanter enn hver av de andre gruppene.

Barnehageeieren skal sørge for at saker av viktighet forelegges foreldrerådet og samarbeidsutvalget."

Den einkilde barnehage skal vektleggja og leggja til rette for eit godt samarbeid med heimen. Gjennom dagleg kontakt og møtepunkt gjennom året skal barnehagen gje føresette nødvendig informasjon om, og grunngjeving for barnehageverksemda og invitere føresette til medverknad. Samarbeidsutvalet skal bli førelagt, og har rett til å uttala seg, i saker som er viktige for barnehagen sitt innhald, verksemd og tilhøve til føresette.

Samarbeidsutvalet i barnehagane i Fusa kommune har følgjande samansetjing:

1 representant vald av foreldrerådet.

1 representant vald av tilsette.

1 representant vald av kommunen

Styrar i barnehagen

8. Opptaksordning

Rådmannen er ansvarleg for opptak. Opptak vert gjort i samordna opptak for alle barnehagane i kommunen. Samordna opptaksprosess skal ivareta likeverdighetsbehandling av barn i både kommunale og privat barnehage. Barnehagane har heile kommunen som

opptaksområde. Einingsleiar barnehage gjer vedtak i dei kommunale barnehagane på vegne av rådmannen.

Rett til plass i barnehage, barnehagelova §12 a:

«Barn som fyller eit år senest innan utgangen av august det året det søkes om barnehageplass, har etter søknad rett til å få plass i barnehage fra august i samsvar med denne loven med forskrifter.

Barn som fyller ett år i september eller oktober det året det søkes om barnehageplass, har etter søknad rett til å få plass i barnehage frå den månaden barnet fyller ett år i samsvar med denne loven med forskrifter.

Barnet har rett til plass i barnehage i den kommunen der det er busett. Kommunen skal ha minimum ett opptak i året. Søknadsfrist til opptaket fastsettes av kommunen».

For at retten til barnehageplass skal vera gjeldande må søknad om barnehageplass leverast innan fristen for opptak i opptaksåret. Søknadsfrist 01.03.

Dei som har fått plass har denne til dei seier opp eller til 31. juli det året barnet går over i skulen. Dette gjeld òg dersom dei flyttar ut av kommunen.

Barn som allereie har plass i barnehagen og som ønskjer større plasstype, får dette før andre får tilbod om plass dersom det er noko ledig.

Barnehageplass skal søkjast om elektronisk. Skjema finn ein på Fusa kommune sine heimesider. Ein kan søkje om 60 % plass eller 100 % plass.

Dersom det vert ledige plassar i løpet av eit barnehageår, skal desse plassane tildelast barn som står på prioritert venteliste og barn som har søkt plass utanom opptaka.

Busette utanfor kommunen kan søkja plass, men søknaden vil verta handsama etter at opptak av born busette i kommunen er ferdig.

9. Opptakskriterium

Rett til plass i barnehage, barnehagelova §13:

«Barn med nedsatt funksjonsevne har rett til prioritet ved opptak i barnehage. Det skal foretas en sakkyndig vurdering for å vurdere om barnet har nedsatt funksjonsevne.

Barn som det er fattet vedtak om etter lov om barneverntjenester §§ 4- 12 og 4-4 annet og fjerde ledd, har rett til prioritet ved opptak i barnehage. Kommunen har ansvar for at barn med rett til prioritet får plass i barnehage.

Prioritert opptak går etter følgjande kriterium, og i denne rekkjefølgje:

- a) Barn som har plass i barnehagen.

- b) Barn med tilråding frå PPT, helsestasjon, barnevernstenesta og fysioterapeut. Når eit barn blir tilrådd teke opp på særskilde kriterium, skal dette skje ved skriftleg melding frå den instansen som gjev tilrådinga. Born som fyller eitt år etter oktober, men som har rett til prioritet etter § 13, har fortrinnsrett framfor born som har rett til barnehageplass etter § 12a dersom begge ønskjer plass i same barnehage.
- c) 5-åringar går føre yngre barn under elles like forhold.
- d) Plassar som ikkje kjem inn under prioritert opptak vert fordelt etter loddtrekning
- e) Born frå andre kommunar kan få plass viss det er ledig kapasitet.

Klage på vedtak

Søklarar har klagerett på vedtak om barnehageplass etter reglane i «forskrift om saksbehandlingsreglar ved opptak i barnehage» §6. Klagefristen er 3 veker frå motteke brev. Klageorgan: Klagenemnda

10. Foreldrebetaling

I Lov om barnehager, forskrift om foreldrebetaling, er det fastsett at foreldrebetalinga for ein barnehageplass ikkje skal vera over maksimalpris og dette er styrande for Fusa kommune. Pengar til mat og frukt kjem i tillegg, sjå avgiftsbudsjettet til Fusa kommune.

Foreldrebetalinga er fordelt over 11 månader, og betalinga skjer forskotsvis. I dei barnehagane der det er ledige plassar, er det høve til å kjøpa enkeltdagar. Dette gjeld barn som har plass i barnehagen. Pris for enkeltdagar er høgare enn for fast opphaldstid. Det vert ikkje gjeve søskenmoderasjon ved kjøp av enkeltdagar.

Gebyr for å henta for seint er etter gjeldande satsar for Fusa kommune.

Moderasjonsordningar

- Søskenmoderasjon er på 30 % for barn nr. 2, 50 % for barn utover dette.
- Frå 1. mai 2015 har familiar/ husstandar rett til ikkje å betala meir enn seks prosent av inntekta si for ein barnehageplass. Ordninga med redusert foreldrebetaling i barnehage er søknadsbasert. Det vil seia at familien/ husstanden kan søkja om redusert foreldrebetaling. Dette er ikkje noko ein får automatisk.

Den nasjonale ordninga for reduksjon i foreldrebetalinga er regulert i forskrift om foreldrebetaling i barnehagar. Betalinga skal bereknast ut frå husstanden sin samla skattepliktige kapital- og personinntekt. Det vert som hovudregel søkt for eit år om gangen. Skjema som ligg på Fusa kommune sine heimesider vert nytta ved søknader, og søknader vert sendt til og handsama av eining barnehage. Jmf §15 Lov om barnehager og §3 forskrift om foreldrebetaling i barnehagar.

- Kommunen skal gje fritak for foreldrebetaling for 20 timar per veke til alle 3, 4 og 5 åringar i hus haldningar med ei samla personinntekt under ei inntektsgrense fastsatt

av Stortinget. Jmf § 15 i Lov om barnehager og § 3 i forskrift om foreldrebetaling i barnehagar.

11. Opningstid /ferietid

- a) Barnehageåret går frå 1. august til 31. juli.
Nye barn får tildelt barnehageplass frå 15. august.
- b) Onsdag før skjærtorsdag: Barnehagane stengjer kl. 12.00.
- c) Ferieopen barnehage:
Jettegryto barnehage er open i 12 månader. Trollskogen, Holdhus, Holmefjord, Strandvik og Søre Fusa barnehagar har stengt fire veker i juli, tre dagar i påsken og to dagar i romjula.

Barn frå Trollskogen, Holdhus, Nore Fusa , Strandvik og Søre Fusa barnehagar kan få plass i Jettegryto barnehage i juli, påskeveka og to dagar i romjula. Jettegryto barnehage skal ha oversikt over tal barn som har trong for plass om sommaren innan 30.03.

Barna skal ha fire veker ferie i løpet av barnehageåret. Ein kan velja å ta ut alle fire ferievekene om sommaren, f.o.m. veke 25/26 t.o.m. veke 33/32, eller tre veker om sommaren og ei veke fordelt på tre dagar i påsken og to dagar i romjula. Planleggingsdagane vert rekna som den 5. ferieveka for barna.

12. Oppseiing - sjukdom - fråvær

- a) Oppseiing. Oppseiingstida ved barnehagane er to månader med betaling, rekna frå den 1 i månaden etter at styrar/einingsleiar har motteke oppseiinga Oppseiing i løpet av året skal vera **skriftleg** og sendast Eining barnehage. Oppseiingsskjema er å finna på Fusa kommune si heimesida. Ved oppseiing etter 1. april, må ein betala ut juni måned.
- b) Ekstraordinær stenging utover ein dag grunna streik eller andre uforutsette hendingar, gjev betalingsfritak for den tida stenginga varer. NB: dersom alternative barnehagestilbod blir oppretta, og ein vel å ikkje nytte desse, fell fritak om betaling vekk. Dette gjeld også i samband med stenging i ferien.
- c) Ved langvarig (over ein måned) og alvorleg sjukdom hos barnet, kan det søkjast om betalingsfritak for heile eller delar av plassen. Søknad om betalingsfritak skal sendast til einingsleiar.

13. Helsetilsyn

- a) Før eit barn får plass i barnehage, skal det liggja føre fråsegn om barnet si helse frå barnet sine føresette. Ein føreset at barn i barnehage møter til vanlege undersøkingar ved helsestasjonen.

b) Styraren i barnehagen avgjer om eit barn på grunn av sjukdom mellombels ikkje kan vera i barnehagen av omsyn til barnet sjølv, dei andre barna og personalet. Går det lenger tid enn 1 veke, må slik avgjerd takast av tilsynslege.

14. Teieplikt og politiattest

Dei tilsette i barnehagane har teieplikt i følge Forvaltningslova §§13-13 f og barnehagelova § 20. Alle som vert tilsett i barnehagen skal levera tilfredsstillande politiattest, jmf barnehagelova §19.

15. Opplysningsplikt

Barnehagepersonalet har opplysningsplikt til sosialtenesta og barnevernstenesta. Jfr. Lov om barnehager § 21 og § 22.